

Ulvik Cittaslow

Referat Cittaslowrådet nr. 2-2019

Onsdag 06.03.2019

Sted: Kantina, 2 høgda, tenestetorget

Tilstade:

Ingrid Prestegard

Jorid Lekve Eide

Håkon gjerde

Thore Hopperstad

Geir Natland

Stein Olav Kolås

Vibeke Korsnes

Hulda Run Thorbjørnsen

Kari Pettersen

Ingvild Sygnestveit

Hans Petter Thorbjørnsen

Julie Gyllander (sekretær)

8/19 Godkjenning av innkalling (V)

Vedtak: Godkjent

9/19 Orienteringar (V)

- Avklaring på kor mange klistremerker me skal tinga for sertifisering og kor mange klistremerker me skal tinga til ymse bruk.
- Facebook, no har me ein facebook for Cittaslow Ulvik. Rådet diskuterte korleis ein kan bruke sida. Det er ein fin arena for forankring av Cittaslow, sida kan også bli brukt til å dele andre ting som skjer i bygda. Det skal ikkje berre vere «cittaslow» ting som blir delt. Viktig at det er ein kontinuitet i arbeidet.

- Årsmøte i Cittaslow International i Orvieto 20-23 juni. Rådet kom fram til at det er viktig at nokon drar for å halde fram det internasjonale nettverket me er ein del av.

Vedtak: Julie tingar 5 klistremerker til bil i A6 format. Og 200 klistremerker til ymse i A7 format. Vibeke, Jorid, Ingrid og Julie har eit møte på Facebook og får sida opp å gå. Rådet tenker på kven som bør dra til Orvieto saman med ordførar. Viktig at dei som drar skriv referat og at det blir synlig offentleg kva ein har gjort og kva ein fikk ut av møtet.

10/19 Sertifisering (V)

Rådet diskuterte kring sertifiseringa, det er to søknadar som er inne, me må dra på synfaring til desse. Rådet bør invitere næringar og bedrifter i bygda til eit informasjonsmøte kring sertifiseringa og kva den inneberer. Ein bør òg ha ein frist for søknaden.

Vedtak: Rådet inviterer næringar og bedrifter til eit ope møte (kveldsmatstreff) om sertifisering den 28. april (Vibeke og Julie). Frist for å sende inn søknad er 1. Juni, og utdeling av diplom og plakett skjer på Oktobertorget. Julie tar med seg folk på synfaring til dei bedriftene som allereie har søkt så snart som mogleg. Synfaringa vil gå på runde i rådet med utgangspunkt i bakgrunn i rådet og kompetanse rådmedlemmene sit på.

11/19 Årshjul for 2019 (V)

- Plastposefri kommune: rådet diskuterte kring dette, plastposen må sjåast i ein større samanheng. Sjå litt på korleis andre kommunar har gått fram. I diskusjonen kom det fram at offentlege institusjonar i heradet kan bli betre på resirkulering. Rådet diskuterte også kring plastposer for hundeskit, ikkje bra at det blir liggande igjen i naturen. Dette er særleg eit problem på populære stiar. Er det betre å bare la det bli liggande i så måte?
- Dab dekning i Ulvik er for dårlig. Særleg i høgjellet, dette er eit problem for stølsdrift og friluftsliv. Den elektroniske infrastrukturen er for dårlig slik den er i Ulvik herad.
- Kulturarvplan: Cittaslow er ein naturleg aktør i den nye kulturarvplanen som blir skriven. Kunne rådet gått ilag med skulen og sogelaget om eit opplegg på skolen i samband men kulturminnedagane 7-15 September?
- Skilting i bygda. Korleis skal ein skilte i bygda for å vise at me er ein Cittaslow stad. Rådet diskuterte om det er naudsynt med bannera, dei blir sletne etter kort tid og då ser det ikkje fint ut. Kan me finne meir kreative måtar og pynte bygda på. Meir planter er eit ønske. I forbindelse med at Kongen kjem til Ulvik den 19 Juni ønskjer rådet å invitere til dugnad i bygda med grilling og moro som ein avslutning. Under dugnaden kan ein plukke bos og planta blomar.
- Slow Food arrangerer ein dag med fokus på Fjorden i Mars, med faglig påfyll på dagen og ein middag på kvelden. Cittaslow kan vere med å arrangere denne.
- Saueutstilling med kåring i Holmen er eit viktig hending i bygda.
- Oktobertorg, få ut plakatar om torget innan 1.Juni slik at dei kan bli hengande heile sommaren.
- Årsmelding, skriv ein årsmelding med kva ein har gjort i løpet av året og ønskjer å gjere til neste år.
- Representasjon og referat frå Cittaslow-nettverket blir fast pkt. på saklista til Cittaslow-rådet.

Vedtak: Rådet skriv eit oppmoding til heradet angående resirkulering og dab dekning. Kjem nedst i referatet. Julie tar kontakt med skulen og Sogelaget i forbindelse med kulturminnedagane. Julie ser på kor ein bør planta ein snigle, og andre fine steder ein kan planta i bygda generelt. Kan dette

gjerast på dugnaden. Julie pratar med Slow Food om arrangementet i Mars. Julie skriv årsmelding i Desember som blir lagt ut offentlig.

12/19 Møteplan for Cittaslowrådet 2019

Vedtak: Møteplan

02.04.19

08.05.19

12.06.19

04.09.19

25.09.19

(27.11.19) Me ser i haust kor mange møter det er behov for.

Til Heradet: Cittaslowrådet oppmodar Heradet til å ta tak i resirkuleringsrutinar på alle offentlige institusjonar i heradet. Ein må kunne forventast at det kildesortert i det offentlige på lik linje som i private heim.

Dab dekning i Ulvik er eit stort problem. Cittaslowrådet oppmodar Heradet til å gjere noko vidare med dette. Det gjeng utover stølsdrift og friluftsliv i bygda at dekninga er så dårleg. Elektronisk infrastruktur i sin heilhet er eit problem i bygda og bør gjerast noko med. Dette går og utover nødnettet i bygda, det er essensielt når det gjeld tryggleik at nødnettet fungerer overalt.

Takk for møte!

07.03.19 Julie Gyllander